

Årsmelding 2013 for

Norsk Spaniel Klub avd. Sogn og Fjordane

Styret har for 2013 sett slik ut:

Leiar Inger Handegård, Gaupne På val 14 Er også leiar BK

Nestleiar: Arvid Solheim, Årdal vald 13 Er også vara BK + jakt kontakt

Styremedlem: Elin Anita Gjerde, Leikanger vald 13

1. vara: Lars Gunnar Røneid, Årdal På val 14

Kasserer utanom styret: Vigdis Vigdal Barsnes, Sogndal – ynskjer avløyising frå 2014

Revisor: Torill Otterhjell, Fortun

Valnemnd: Per Ståle Vaagene, Laila Røneid og Tonje Sværen Tollefsen

Internettansvarleg: Inger Handegård

Styremedlemmer vert vald for 2 år om gongen. Leiar, jakt og brukshundkontakt, revisor og valnemnd vert vald årleg. Leiar og brukshundkontakt vert vald mellom styremedlemmene. Kasserar er ikkje på val med mindre eksisterande kasserer ynskjer avløyising

Medlemstal pr. utgangen av desember 2013:

49 hovudmedlemmer + 2 familiemedlemmer mot:

68/10 i 2000, 55/10 i 2001, 49/6 i 2002 40/5 i 2003, 57/? i 2004, 53/6 i 2006, 47/2 i 2006. 38/2 i 2007, 46/5 i 2008, 59/3 i 2009. 59/3 i 2010, 58/4 i 2011, 48/2 i 2012.

Årsmøtet 23 februar 2013 i Sogndal, Sogn

10 møtte fram, 7 med stemmerett. Årsmøtet starta med utdeling av premiar til spanielcupen. På delt 1. plass kom Inger med Vezla og Laila med Zeld. På den tradisjonelle utloddinga vant Tonje Sværen Tollefsen gavekortet og overskotet på utloddinga vart brukt til å dekke delar av utgiftene til middag etterpå.

Styremøte

I 2013 har styresaker gått via kontakt pr. telefon, internett og i samband me at me har møtt kvarandre på prøvar og andre aktivitetar.

RS-13 Grunna kollisjon med mange andre arrangement kunne ingen reise.

Medlemsinfo

Det vart i 2013 sendt ut eit brev til alle medlemmer i samband med innkalling til årsmøtet. I tillegg har me nytta oss av spalteplass i tre av fire nummer av Våre Spaniels. I to nummer har side to av to innsendte sider ikkje komme med på trykk, noko som er frustrerande då det vert lagt ned arbeid i å få ei så ut fin og nyttig informasjon. Inger Handegård har ansvar for avdelinga si heimeside på internett. Sida ligg under NSK sentralt. I 2013 flytta sida over på ny plattform, noko som kravde både opplæring i nytt program og som tok tid før det virka. Oppdatering av heimesida har difor vore dårlegare enn yngst i 2013. Avdelinga har fått eiga side på facebook.

Påskesamling i Sogndal

Me samlast til rally, LP og utstillingstrening og litt trimmehjelp. Etterpå var det middag på kinarestauranten.

Trimmekurs/pelsstellkurs i Gaupne

Dette er eit ståande tilbod til klubben sine medlemmer. Instruktør er Inger Handegård. Ingen medlemmer har nytta seg av dette tilbodet i 2013

Ordinær blodsporprøve i Årdal

Prøven gjekk på Seimsåsen og primus motor for heile prøven var Lars Gunnar Røneid som også la alle spora. Dommar var Arvid Solheim. 6 hundar var påmeldt, av desse tre spaniels og alle/berre desse tre fekk 1. premie! Som vanleg var det flotte premiar med klokka frå Hydro som hovudpremie.

Ordinær blodsporprøve i Fortun

Neste prøve var blodsporprøven i Fortun. Denne vart dømt av Andreas Otterhjell og Inger Handegård. Dommarane + ein hjelpar la alle spora og primus motor for prøven var Andreas og Torill Otterhjell. 8 hundar var påmeldt innan fristen og av desse 8 var fire spaniels – tre springere og ein cocker. 6 fekk 1. premie – tre av desse med HP. Også denne prøven hadde fantastisk flotte premiar.

Bevegelege prøvar

Interessa for jaktanleggsprøve og apportprøve har dessverre vore svært lita. Dommarar har vore Inger Handegård og gjestedommar Ellen Getz Wold. Ein hund utanfrå fylket var påmeldt jaktanleggsprøven – og bestod ikkje denne gongen. To hundar var påmeldt apportprøve begynnarklasse – og begge stod. Dette var:

- NSVCH BH Desperados Tingeling til Elin Anita Gjerde
- NUCH NSVCH BH Kahill's Black Nightshade til Ellen Getz Wold.

På bevegeleg blodsporprøve har det starta totalt fem hundar for Torstein Solset, Andreas Otterhjell og Arvid Solheim – ingen av desse er spaniels. Det har vorte gitt ut 1 x 1. premie, ingen HP.

På fersksporprøve har det starta åtte hundar for Torstein Solset og Andreas Otterhjell. Alle har bestått. Ny ettersøkshund i fylket er Nelvanas Midnight Sun til Tonje S Tollefsen.

Nye champions 2013

Etter det styret kjenner til fekk me ingen nye championitar i 2013. Me prøver å samle bilde av alle desse flinke og vakre hundane i ei eiga mappe på avdelinga si facebookside.

NM – blodspor 2013

Ingen hund frå avdelinga kom med.

Utstilling i Naustdal i april

Det var ikkje avhalde eigen spanielutstilling i fylket i 2013. Einaste utstilling for spaniels var i Førde/Naustdal arrangert av Førde brukshundklubb. Der var det påmeldt 18 vaksne spaniels. Hundane var fordelt på 1 amerikaner, 5 cockere og 12 engelske springere. Kennel Fjordgløtt vant BIS-avlssklasse med si gruppe etter NSVCH BH Desperados Tingeling og kennel Desperado vart BIS-oppdrettar. I lydighet starta fleire spaniels. Best var NVCH Desperados Xmilla som vant klasse II og fekk opprykk til klasse III.

Nye kvelpar i Sogn og Fjordane

Det er, etter det styret kjenner til, fødd tre springer-kull i fylket i 2013 (kennel Desperado, kennel Zelfa og eit kull i Vik i Sogn).

NSK avd. Sogn og Fjordane er framleis leiar for NSK's brukshundkomite

Inger Handegård er leiar i brukshundkomiteen, medan Ellen Getz Wold (Oslo/Akershus) og Wenche Randi Krogstad (Sør-Trøndelag) er medlemmer.

Økonomi

Avdelinga hadde ved utgangen av året kr 50.243 på bank mot kr 45.235 i 2012, kr. 44.947kr i 2011, 45.104 i 2010 og kr 40.966 i 2009.. Revidert rekneskapet vert lagt fram på årsmøtet.

Årets mestvinnande i fylket 2013:

Fem medlemmer har sendt inn resultat på totalt åtte hundar – noko som er ei gledeleg auke. Det var ingen aktuelle kandidatar til årets junior i år, så den går ut. Årets debutant er plukka ut frå dei som har vore aktive på offisielle arrangement og som også har vore aktive på klubben sine arrangement.

Årets spaniel i avdelinga 2013:

1: NSVCH BH Desperados Tingeling – Elin Anita Gjerde

- Godkjent apport prøve begynnarklasse
- Blodspor 7 x 1 pr, 2 x hp
- Lydigheit 2 x 2 pr lp kl 2
- Utstilling 5 x ck, 1 x cert, 1 x BIR, 4 x BIR veteran, 2 x Bis Veteran, NKK Bis 4 veteran + res. Cert mm.
- RIK-prøve Godkjennt ferdselprøve
- Brukshundprøve Opprykk til kl c i bruksspor

2: NVCH BH Desperados Xmillia – Inger Handegård

- Lydigheit 1. premie i LP 2 – har debutert i LP III
- RIK-prøve Godkjennt ferdselsprøve (BH)
- rallylydigheit 2x 1- pr. og 1 x dir. opprykk i kl. 1, 2 x 1-pr. og 2 x dir. opprykk i kl. 2, 2 x nr. 2 i klassen
- utstilling Excellent

3: NUCH NVCH BH Desperados Aya – Inger Handegård

- Lydigheit 3. premie i LP 2
- RIK-prøve Bestått ferdselsprøve (BH)
- rallylydigheit 1. pr. m dir. opprykk i klasse 1, nr. 4 av 30, 1. pr. i rallylydigheit klasse 2, nr. 3 i klassen
- utstilling Excellent

Årets debutantar:

Fjordgløtts Birk - Hilde Rotihaug

- blodspor 1x 1 pr og andrevinner, 1x2 pr blodspor og 4 vinner
- Utstilling 3x excellent, 2x ck, 1x cert, 1x reservecert, 1x Bim

Fjordgløtts Belezza til Sissel Ytre-Eide

- 13 gonger utstilt i 2013 med 1 x cert og 2. btk og 1 x CK som beste resultat.

Alle vinnarane får krus på årsmøte, presentasjon på heimesida og i Våre Spaniels.